

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

**Avdeling for  
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

---

<b>Dato</b>	27.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/59599-4
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Stedal Haugland
<b>E-post</b>	Tone.Stedal.Haugland@vlfk.no
<b>Telefon</b>	48994929

**Oversending av vedtak - innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikken**

Vi viser til brev frå statsråden av 23.mai, og takkar for høvet til å kome med innspel til arbeidet med stortingsmelding om kunstnarpolitikken.

Vedlagt er vårt innspel – vedteke av Vestland fylkeskommune sitt fylkesutval.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet og ser fram til stortingsmeldinga og prosessen vidare.

Med helsing

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur, idrett og inkludering (KII)

**Ronny Bjørnar Skaar**  
seksjonssjef  
KII - Kunst- og kulturutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

**Vedlegg**

**1 Saksprotokoll Innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikken**

Kopi til:

KS - Kommunesektorens organisasjon

## **Saksgang**

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	115/22	14.09.2022
Fylkesutvalet	215/22	20.09.2022

## **Innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikken**

### **Forslag til innstilling**

1. Vestland fylke har gode føresetnader, strukturelt og kompetansemessig, til å vera eit kraftsenter for kunstnarar til å leve og bu i.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er viktig med eit samspel mellom by og land om fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bu i Vestland.
3. Vestland fylkeskommune ønskjer ei koordinert satsing på finansiering, infrastruktur og arenaer, talentutvikling, og delingskultur i kunstfeltet.
4. Vestland fylkeskommune ser klynger, nettverk og samarbeid som nøkkelen til å vidareutvikle kulturlivet. Delingskultur er eit kriterium for vekst i den profesjonelle kulturen. Auking av kompetansen må skje i dialog i og mellom dei store institusjonane, det frie feltet og andre fagområde. Regionale kompetansesenter og nettverksorganisasjonar speler ei viktig rolle. Desse kan vere eit godt grunnlag for vidare utvikling av modeller for produksjon og formidling til større deler av fylket.
5. Institusjonar, organisasjonar og det offentlege vil saman sjå på korleis ein i større grad kan legge til rette for at både produksjon og distribusjon av kunst innan alle sjangre i heile fylket.
6. Vestland fylkeskommune ser det som viktig at det vert jobba vidare med ordningar og krav knytt til honorar og vederlag.
7. Fylkesutvalet understrekar at synspunkt frå kulturlivet og kunstnarane sjølv må vektleggast særleg i arbeidet med meldinga. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet.
8. Fylkesutvalet vedtek at denne saka vert oversendt Kultur- og likestillingsdepartementet som svar på deira henvendelse om innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikk.

**Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering - 14.09.2022****Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylke har gode føresetnader, strukturelt og kompetansemessig, til å vera eit kraftsenter for kunstnarar til å leve og bu i.

2. Vestland fylkeskommune meiner at det er viktig med eit samspel mellom by og land om fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bu i Vestland.

3. Vestland fylkeskommune ønskjer ei koordinert satsing på finansiering, infrastruktur og arenaer, talentutvikling, og delingskultur i kunstfeltet.

4. Vestland fylkeskommune ser klynger, nettverk og samarbeid som nøkkelen til å vidareutvikle kulturlivet. Delingskultur er eit kriterium for vekst i den profesjonelle kulturen. Auking av kompetansen må skje i dialog i og mellom dei store institusjonane, det frie feltet og andre fagområde. Regionale kompetansesenter og nettverksorganisasjonar speler ei viktig rolle. Desse kan vere eit godt grunnlag for vidare utvikling av modeller for produksjon og formidling til større deler av fylket.

5. Institusjonar, organisasjonar og det offentlege vil saman sjå på korleis ein i større grad kan legge til rette for at både produksjon og distribusjon av kunst innan alle sjangre i heile fylket.

6. Vestland fylkeskommune ser det som viktig at det vert jobba vidare med ordningar og krav knytt til honorar og vederlag.

7. Fylkesutvalet understrekar at synspunkt frå kulturlivet og kunstnarane sjølv må vektleggast særleg i arbeidet med meldinga. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet.

8. Fylkesutvalet vedtek at denne saka vert oversendt Kultur- og likestillingsdepartementet som svar på deira henvendelse om innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikk.

**Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 20.09.2022**

Fylkesvaraordførar Natalia Golis (MDG) leidde møtet medan fylkesordførar Jon Askeland (Sp) hadde permisjon.

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

- 1.Vestland fylke har gode føresetnader, strukturelt og kompetansemessig, til å vera eit kraftsenter for kunstnarar til å leve og bu i.
- 2.Vestland fylkeskommune meiner at det er viktig med eit samspel mellom by og land om fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bu i Vestland.
- 3.Vestland fylkeskommune ønskjer ei koordinert satsing på finansiering, infrastruktur og arenaer, talentutvikling, og delingskultur i kunstfeltet.
4. Vestland fylkeskommune ser klynger, nettverk og samarbeid som nøkkelen til å vidareutvikle kulturlivet. Delingskultur er eit kriterium for vekst i den profesjonelle kulturen. Auking av kompetansen må skje i dialog i og mellom dei store institusjonane, det frie feltet og andre fagområde. Regionale kompetansesenter og nettverksorganisasjonar speler ei viktig rolle. Desse kan vere eit godt grunnlag for vidare utvikling av modeller for produksjon og formidling til større deler av fylket.
- 5.Institusjonar, organisasjonar og det offentlege vil saman sjå på korleis ein i større grad kan legge til rette for at både produksjon og distribusjon av kunst innan alle sjangre i heile fylket.
- 6.Vestland fylkeskommune ser det som viktig at det vert jobba vidare med ordningar og krav knytt til honorar og vederlag.
- 7.Fylkesutvalet understrekar at synspunkt frå kulturlivet og kunstnarane sjølv må vektleggast særleg i arbeidet med meldinga. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet.
- 8.Fylkesutvalet vedtek at denne saka vert oversendt Kultur- og likestillingsdepartementet som svar på deira henvendelse om innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikk.

**Samandrag**

Kultur- og likestillingsdepartementet har i brev datert 23.mai 2022 bedt om innspel frå fylkeskommunane til arbeidet med stortingsmelding om kunstnarpolitikken. Det er m.a. fem konkrete spørsmål som vert stilt i brevet og som vert svart ut i saka. .

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur, idrett og inkludering (KII)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Til fylkeskommunene ved fylkeskultursjef - innspill til stortingsmelding om kunstnarpolitikken.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regjeringa ønskjer å sette fokus på og styrke kunstnerøkonomien og arbeide for at kunstnere og kulturarbeidere får bedre rettigheter og arbeidsmuligheter. Tidlegare rapportar og meldingar viser at det er behov for styrke dette.

Kulturdepartementet har tidlegare starta opp arbeid med ei stortingsmelding om kunstnarpolitikk, men denne vart m.a. lagt på is under pandemien. Kultur- og likestillingsdepartementet under statsråd Trettebergstu har no teke opp igjen dette arbeidet. Dei har difor sendt ut eit brev til fylkeskommunane med konkrete spørsmål og problemstillingar dei ønskjer at ein skal belyse. Denne saka svarar på dette brevet, ut frå føringar som ligg tidlegare plandokument, og innspel frå arbeid med ny regional plan for kultur, idrett og frivillighet som no er under utarbeiding.

Kultur- og likestillingsministeren skriv i brev datert 23.mai at det å legge til rette fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø over heile landet er ein hovudambisjon i Hurdalsplattformen, og ser stortingsmeldinga om kunstnarpolitikken som ein del av arbeidet for å oppnå dette.

I brevet vert det lagt vekt på kva som skal til for at kunstnarar ønskjer å etablere seg utanfor dei største byane og kva som må til av tilstadeverande kompetansemiljø, t.d. arrangørar, visningsstader e.l., for å nå dette målet.

Til dette arbeidet ønskjer Kultur- og likestillingsdepartementet innspel frå fylkeskommunane på situasjonen i dag og kva som kan gjerast framover. Innspel frå fylkeskommunane vil gi eit grunnlag for korleis kunst- og kulturlivet kan styrkast i heile landet.

*Følgjande fem konkrete spørsmål vert stilt i brevet frå departementet:*

1. Kva er dei største utfordringane for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bo og virke i deira region / landsdel?
2. Kva kunstfelt har det største potensialet for å oppnå auka rekruttering og etablering i deira region / landsdel?
3. Kva rolle kan institusjonane spele for auka tilgang til kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?
4. Kva er fylkeskommunen sine viktigaste verkemidlar for å leggje til rette for fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?
5. Korleis kan dei ulike forvaltningsnivå best arbeide saman for å nå målet om fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø over heile landet?

Vestland fylkeskommune har gjennom arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv som no er under arbeid jobba breitt saman med aktørar i feltet i fylket om fleire av dei problemstillingane som vert etterspurd i brevet frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Ein vil i dette innspelet ta med ein del av dette, sjølv om ikkje planen framleis er under arbeid.

Fylkeskommunen har ikkje arrangert eller teke initiativ til ytterlegare medverknad frå kulturlivet eller kommunar. Departementet har også hatt ein parallel prosess direkte ut mot kunstlivet med innspelsmøte og oppmoding til skriftlege innspel til arbeidet med denne stortingsmeldinga.

### Overordna refleksjonar kring kunstnarpolitikken i Vestland

Vestland ønskjer å vere eit tyngdepunkt for den profesjonelle kulturen i Norge, og fylket står i ein særposisjon med Norges nest største by med eit svært kompetent, ambisiøst og internasjonalt profesjonelt kunstliv. Dette er m.a. eit resultat av mange års medvite og god kunstpolitikk. Det er ei utfordring å kunne følgje opp dette kunstlivet og sikre gode vilkår og vidare utvikling. Samtidig treng ein andre verkemiddel for å utvikle og oppretthalde mindre kunstmiljø også utanfor Bergen. Det er også ei utfordring korleis mindre kommunar er merksame på og tek på alvor ansvaret for den profesjonelle delen av kulturlivet.

Kunstfeltet er sterkt i Vestland, med sterke profesjonelle enkeltkunstnarar, institusjonar og større og mindre organisasjonar. Ei rekke Vestlandsaktørar markerer seg nasjonalt og internasjonalt. Bergen som motor og klynge har stor tyding for det profesjonelle kunstfeltet i heile fylket. Kunstlivet i Vestland og på Vestlandet er gode på å etablere samarbeid, nettverk og klynger. Her speler regionale kompetansesenter og nettverksorganisasjonar ei viktig rolle. Desse kan vere eit godt grunnlag for vidare utvikling av modeller for produksjon og formidling til større deler av fylket.

Vestland fylkeskommune ønskjer ei koordinert satsing på finansiering, infrastruktur og arenaer, talentutvikling, og delingskultur. Talentutvikling og rekruttering er den aller viktigaste føresetnaden for varig styrking og utvikling av kunstlivet. Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom satsing på utdanning av profesjonelle kunst og kulturarbeidarar og gode nettverk for kunnskaps og erfaringsdeling. Kunstnarar og kulturaktørar i Vestland skal kunne arbeide og leve av verksemda si.

Framover vert det viktig å sørge for at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt. Både fylkeskommunen og kommunane må ha ein målretta kunstpolitikk, i sams spel med den statlege kunstpolitikken.

Delingskultur er eit kriterium for vekst i den profesjonelle kulturen. Auking av kompetansen må skje i dialog i og mellom dei store institusjonane, det frie feltet og andre fagområde. Dei profesjonelle institusjonane tek del i nasjonale og internasjonale nettverk. At dei profesjonelle institusjonane deler kompetansen med det frivillige, vil også vere avgjerdande for å utvikle det breie kunstfeltet.

Fylkessdirektøren svarar ut dei konkrete spørsmåla i det følgjande:

1. **Kva er dei største utfordringane for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bo og virke i deira region / landsdel?**

Vestland fylkeskommune ønskjer at kunstnarar og kulturaktørar skal kunne arbeide og leve av verksemda si. Vi ser Bergen og kunstmiljøa i andre deler av fylket i ein heilskap, med ulike roller og behov. Vi må styrke moglegheitene for å kunne utdanne seg og leve av kunst i Vestland, og få til eit betre sams spel mellom dei profesjonelle kunstmiljøa i fylket.

Det kan vere ei utfordring for det offentlege å både ta i vare behovet for gode, føreseielege økonomiske rammer for dei etablerte institusjonane og samtidig gi rom for nye initiativ. Ein må jobbe for både ein god kunstpolitikk og kunstnarpolitikk. Ein må legge til rette for skaping, produksjon, distribusjon og formidling i heile fylket.

Det er særleg viktig at dei sosiale rettighetene til frilansarar vert sikra og sjå til at kunstnarar faktisk får betalt når verka deras vert brukta eller delt.

Bergen kjem i ei særstilling som sentrum for Vestland sitt kulturliv. Bergen er samlingsstad for profesjonelle utøvarar, sterke institusjonar med internasjonale ambisjonar og eit mangfold av arrangement. Universitet og høgskule med sine fagmiljø og tilbod innanfor kunst- og kulturfaga er ein føresetnad for framveksten av eit profesjonelt kulturliv. Bergen kommune har gjennom mange år jobba fram ein sterk kunst- og kulturpolitikk og gode økonomiske verkemiddel som kunstnarstipend og prosjektstøtte til kunstproduksjonar.

Sjølv om der er heiderlege unntak er dei andre kommunane i fylket er i hovudtrekk meir like når det gjeld tilbod og høve for å leve som kunstnar. Det kan vere ei utfordring å prioritere det ansvaret dei har for sine profesjonelle kunstnarar, m.a. når det gjeld støtte til prosjekt, tiltak og kunstnarstipend ,og tilrettelegging for produksjon og formidling. Her kan fylkeskommunen i sterkare grad vere ein medspelar og tilby nettverk og kompetanse.

Det er viktig med eit sams spel mellom by og land om fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bu i Vestland. Viktig å jobbe med kompetanseutvikling i heile miljøet, og kompetanse- og nettverksorganisasjonar , som ofta har sprunge ut frå miljø i byen, må oppmodast og oppmuntrast til å jobbe breitt i heile fylket.

Vestland fylkeskommune meiner at klynger og samarbeid er nøkkelen for å vidareutvikle kulturlivet, også utanfor dei største byane. Dette har gitt gode resultat m.a. i Fjaler og i Hardanger. Det er då heilt essensielt at kommunen har ein vilje til å sjå potensiale og å satse. På mindre stader særleg må ein vere særleg merksam på samspelet mellom profesjonell og frivillig kultur, og næringsliv og kultur. Dette gjeld t.d. festivalane. Nokon stader er ein nødd til å tenke på tvers av desse skilja for å få til gode arbeidsfellesskap og arenaer

Det er viktig med gode produksjonsmiljø også utanfor den største byen. Det kan nokre stader vere mangel på t.d folk som kan produsere profesjonelle utstillingar, teknikarar m.m.

Det er mangel på gode stader for utstillingar, konserter og arrangement i fylket. Det må tenkast heilskapleg og kreativt for å etablere gode arenaer for kunstformidling i bygder, tettstader og mindre byar, i tillegg til meir spesialiserte arenaer i Bergen.

Ein må sjå på grunnopplæring, høgare utdanning og det frivillige kulturlivet i samanheng med den profesjonelle kunsten, som ein del av ein større heilskap.

Vestland fylkeskommune ser Kunst i offentlege rom som viktig for at fleire kan oppleve kunst i sin kvardag, og det er også viktig for å gje gode oppdrag til kunstnarar. Vestland fylkeskommune setter av 1,2% av totalenteprisen i nye bygg til kunst, men det er svært variabelt korleis kommunane handterer dette. Fylkeskommunen har difor arbeidd for å tilby og bygge kompetanse i kommunane på dette, m.a. gjennom Hordaland Kunstsenter. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å avsette ved tak ein fast prosentsum av kommunen sitt investeringsbudsjett til dette, til å utarbeide og vedta tydelege retningslinjer for arbeidet, og til å etablere formelle samarbeid mellom dei aktuelle etatane i kommunen.

## **2. Kva kunstfelt har det største potensialet for å oppnå auka rekruttering og etablering i deira region / landsdel?**

Vestland både sterke institusjonar, eit vitalt, fritt felt av enkeltkunstnarar, grupper og mindre kunstnarstyre tiltak innan dei aller fleste kunstartane. Vestland har kunstnarar og sterke miljø og aktørar på internasjonalt nivå innan dei aller fleste sjangrar. Denne breidda er ein viktig grunn til at vi i dag vil kalle Vestland for et leiande kulturfylke. Fylkesdirektøren vil difor ikkje å framheve eitt enkelt kunstfelt, men vil vise status på nokre av kunstfelta.

Det profesjonelle kunstfeltet er mangfaldig, men har nokon felles utfordringar uavhengig av kunstart. Ein må sjå til at den enkelte kunstart har ein infrastruktur og komplett verdikjede som tek i vare kunstens levekår, utvikling og ny rekruttering på dei premissane som er best for kunsten, slik at dei kan oppfylle si samfunnsrolle.

Ein må både bygge grunnmur og fyrtårn, og jobbe langsiktig. Vi ønsker både produksjon og formidling av musikk i heile fylket. Ulike geografiske forhold og kommunestrukturar krev ulike grep for å oppnå dette. Vi vil dei nærmaste åra sjå ytterlegare på korleis institusjonar, organisasjonar og det offentlege saman kan styrke og legge til rette for å skape, utøve og distribuere kunst i ulike former i heile fylket.

Utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag er alle viktige deler av økosystemet. Det er gode utdanningstilbod også på universitets-/høgskulenivå for dei fleste kunstartar, utan innan utøvande scenekunst. Ein bør sjå på kva som manglar i fylket og kva behov som dekkast i ein større, nasjonal eller internasjonal kontekst.

Ei stadig sterkare globalisering fører til nye strukturar, utfordringar og moglegheiter for kunstlivet. Den digitale utviklinga er ein viktig faktor i dette. Difor kan ein kunstnar også mykje lettare jobbe desentralisert no og i framtida enn berre for få år sidan. Dette gir nye og større marknader for aktørane, men sterke internasjonale aktørar kan også styre kunstnarane og kulturaktørane i ei retning som ikkje alltid er positiv, utviklinga kring rettigheter kan illustrere dette.

Å bygge kompetanse, nettverk og miljø, og å utvikle infrastrukturen på feltet må stå sentralt. Det er viktig at ikkje kunstnarar og andre knytt til kunstlivet må flytte grunna jobbmoglegheiter.

**Film:** Vestland er ein mangfaldig og sjølvstendig filmregion, og står i ei særstilling nasjonalt som filmregion nr. 2. Bransjen her har både strukturane og føresetnadene for å vere eit kraftsenter for film i Noreg, både når det gjeld produksjon og formidling. Filmaktørane i Vestland har både kompetanse og styrke til å bere store prosjekt og produksjonar. Det regionale filmfondet Zefyr spelar også ei viktig rolle for å bygge filmbransjen. I Vestland har vi også utvikla eit sterkt miljø på spelutvikling.

Filmproduksjon er eit felt som krev mykje av både økonomi og kompetanse, og må vere av ein viss storleik for å i det heile tatt vere levedyktig. Det meste av midlane til spelefilmproduksjon vert fordelt av Norsk Filminstitutt i Oslo (NFI), og det kan vere ei utfordring for bransjen her på Vestlandet.

**Musikk:** Musikklivet i Vestland har stor breidd og mangfald med mange aktørar i det profesjonelle musikkmiljøet som jobbar på eit internasjonalt nivå. Innan det populærmusikalske feltet er det mange gode utøvarar og eit godt apparat bak. Den regionale bransjeorganisasjonen Brak har vore og er svært viktig i å oppretthalde og styrke denne gode utviklinga. Sjølv om Bergen by er essensiell og ein motor har det også vore høve til etableringar og nettverk andre stader, m.a. i Sunnfjord. I desse digitale tider vert jo også linene for nettverk meir frie og maktforholda i ein kunstart/bransje kan no gå nye vegar.

Innan den meir klassiske delen av musikken har vi gode institusjonar, som jobbar godt og på eit høgt kunstnarleg nivå, særleg slik som Bergen filharmoniske orkester og Bergen Nasjonale opera, men også andre stader i fylket slik som på Eid i Nordfjord. For fleire av desse har det opna seg ein internasjonal marknad. Felles for alle desse er at dei også jobbar regionalt og ofte opp mot frivillige og barn og ungdom.

Distriktsmusikarordninga er eit godt døme på samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, som ei reiskap for å støtte opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikarar.

**Scenekunsten** i Vestland har sterke aktørar, og fleire av desse er på eit internasjonalt, høgt nivå. Vi har to regionteatre, Den Nasjonale Scene, nasjonale kompaniet for samtidsdans Carte Blanche, Bergen Internasjonale teater og mange grupper, kunstnarar og artistar i den frie delen av feltet. Kompetente og nyskapande institusjonar krev betydelege økonomiske ressursar for å ta i vare og vidareutvikle kvalitet og ry som leiande. Dialog og samhandling mellom forvaltningsnivå er særleg viktig når det gjeld finansiering av dei store institusjonane.

Det frie feltet er blitt ein større del av det profesjonelle scenekunstfeltet, og det trengs fleire gode samarbeid mellom desse og institusjonane. Men dei frie gruppene er framleis sårbare og har særskilt sårbar økonomi. Vi må sjå på korleis ein betre kan ta i vare dette, det er viktig med stabil statleg støtte til den meir etablerte delen av desse for at dei forsett kan ha sin base i fylket/landsdelen. Dansefeltet har vore ekstra sårbart, men ein ser no ein vekst som bør stimulerast vidare.

**Litteraturfeltet** er viktig i Vestland. Vi har gode forfattarar og eit aukande tal aktørar som driv litteraturformidling. Det er sett i gang gode initiativ for samarbeid og kompetansedeling innan litteraturfeltet, ikkje minst på formidlingssida. Det ligg til rette for auka samarbeid særleg mellom formidlingsaktørane som til dømes litteraturhusa i Bergen og Odda, det mobile litteraturhuset Rom for Ord, biblioteka, litteraturfestivalane og aktørar som Jakob Sande-senter for forteljekunst i Fjaler og Nynorsk kultursentrums/Haugesenteret i Ulvik. Vestland er ein av dei få fylka i landet som har forfattarutdanning. Skrivekunstakademiet har gitt eit godt grunnlag for og høve til utvikling av mange forfattarskap som er viktige både nasjonalt og internasjonalt.

Dramatikk er ein del av litteraturfeltet, og kontakt mellom scenekunstmiljøet og litteraturmiljøet er viktig for å få fram nye forteljingar og stemmer. Nokre av våre beste forfattarar er også dramatikarar som vert spelt på scener i heile Noreg og i utlandet.

**Det visuelle kunstfeltet:** I Vestland er det busett mange kunstnarar som arbeider innan det visuelle kunstfeltet. Omlag 80% av desse er busett i Bergen. Vestland har også mange andre aktørar i dette feltet, frå relativt tunge institusjonar til mindre, ofte temporære kunstnardrivne tiltak og initiativ. Den største utfordringa er å både gi dei institusjonelle aktørane gode og føreseielege rammer og vilkår og samtidig gi rom og høve for nye aktørar og initiativ.

Vestland har ein nokså komplett verdikjede for den visuelle kunsten og ei utdanning på Universitetsnivå med godt internasjonalt renommé. Dette gjer at særleg Bergen har mange unge, aktive kunstnarar som ønsker å bli etter utdanning. Det er ei utfording - som innan fleire andre kunstformer – å legge til rette slik at ein kan arbeide og bu i alle deler av fylket.

Dette kan skje gjennom t.d. tilrettelegging for arbeidsfellesskap og visning, og initiering av kunstprosjekt i offentleg rom.

Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge er viktige i Vestland. Dei er nettverk for den enkelte kunstnar og speler ei viktig rolle for kontakten mellom kunstnarane og det offentlege.

### **3. Kva rolle kan institusjonane spele for auka tilgang til kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?**

Institusjonane er kulturelle kraftsenter som skal vere motorar for kunstlivet elles. Dei er ein viktig del av den kulturelle infrastrukturen og økosystemet som må vere her for å vidareutvikle fylket. Fleire av dei store kunstinstitusjonane har teke stort ansvar for heilskapen og jobbar med heile forløpet frå barn til voksen, profesjonell kunstnar. Dei tek også på alvor si regionale rolle og er open for samarbeid og kompetansedeling til andre, mindre aktørar i fylket.

Faste stillingar i opera, symfoniorkester og teater er viktig for å oppretthalde eit stabilt kunstmiljø. Dette krev ei god og stabil finansiering av dei største i eit samarbeid mellom stat, fylkeskommune og kommune. Det frie, profesjonelle har vakse og med det også eit større samarbeid mellom dette feltet og institusjonane. Det frie feltet er sårbart og har særskilt økonomi, og at institusjonane i større grad tek ansvar for dette er naudsynt og rimeleg.

Institusjonane har eit ansvar for å bidra til talentutvikling gjennom å sleppe til nye og unge krefter. Institusjonar som Opera Nordfjord – er svært viktig for kompetanse, oppdrag, ol. i sin del av Vestland. Griegakademiet og Ole Bull Akademiet er viktige utdanningsinstitusjonar og har gode samarbeid med musikklivet elles i fylket.

Musea har potensiale for å spele ei enda sterkare rolle i kulturlivet i fylket. I mange kommunar er museet den einaste profesjonelle kulturinstitusjonen. Musea si rolle i samfunnet si rolle skal vere brei og dei kan vere arena og samlingspunkt for kunstproduksjon og -formidling.

Det må jobbast vidare med kravet til institusjonar om vederlag/honorar til visuelle kunstnarar.

### **4. Kva er fylkeskommunen sine viktigaste verkemiddel for å legge til rette for fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?**

Fylkeskommunen sine satsingar skal ha basis i ambisjonar, potensiale og behov i kunstlivet sjølv. Fylkeskommunen kan mobilisere og støtte, men kulturlivet må sjølv iverksette og gjennomføre etter sine behov.

Driftstilskot og prosjekttilskot til kunstinstitusjonar og -organisasjonar er eit svært viktig fylkeskommunalt verkemiddel. Ein prøver å opprette og justere støtteordningar til å alltid vere relevante og målretta.

Fylkeskommunen deler no ut 20 kunstnarstipend av 40 000 kr som eit supplement til statlege stipend. Her er fagkomitear med representasjon frå ulike kunst- og kunstnarorganisasjonar i fylket med i søkeradsarbeidet. Ein liknande modell kunne nyttast om fleire statlege tilskotsmidlar vert overført til fylket

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) har gjennom om lag eit tiår vore eit særskilt reiskap for utvikling og utprøving av nye tiltak og prosjekt. Vestland fylkeskommune løyver om lag 7 millionar til ulike kulturaktørar i denne ordninga. Samarbeid og nettverk er prioriterte område.

Det profesjonelle kunstfeltet er mangfaldig, men har også nokon felles behov og utfordringar uavhengig av kunstart. Ein må sjå til at den enkelte kunstart har ein infrastruktur og komplett verdikjede som tek i vare kunstens levekår, utvikling og ny rekrytering på dei premissane som er best for kunsten, slik at dei kan oppfylle si samfunnsrolle.

Dei regionale kompetanse- og nettverksorganisasjonane er svært viktig for utviklinga av dei ulike kunstartane i fylket. Fylkeskommunen støtter desse gjennom driftstilskot og prosjekttilstskot, og er gjerne koplar mellom ulike miljø som kan ha nytte av samarbeid og kontakt. Desse organisasjonane og sentra er viktige bindeledd mellom fylkeskommunen og det frie feltet.

På mindre stader må kunstnarane søkje nettverk og fellesskap i det daglege med aktørar som ligg utanfor eit smalt fagfelt/kunstfelt. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for arenaklynger med både næringsliv, frivillig kultur- og idrettsliv og profesjonelle kulturaktørar som kan gje grunnlag for samskaping og utvikling av gode samarbeidsmodellar.

Dei fleste kulturverksemndene har både eit kulturelt og eit næringsmessig aspekt. Kulturnæringerane er ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturnæringerane skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringer. Det er viktig med gode bransjeorganisasjonar som jobbar for felta, slik at den enkelte kunstnar og aktør i større grad kan konsentrere seg om å utvikle innhaldet i sin kunst og sitt kulturprodukt.

Næringsaspektet i kultur- og idrettslivet er vesentleg, og kan gi monalege økonomiske ringverknader. Størstedelen av det profesjonelle kunst-, kultur- og idrettslivet har – i ulik grad potensiale for dette, men kulturelle satsingar skal ikkje ha sin einaste grunngjevnad i økonomi.

Eit berekraftig og relevant kunstliv må vere internasjonalt. Vi må også rette blikket mot den internasjonale marknaden, og legge betre til rette for å nytte dette potensialet.

Det er viktig å innrette offentlege verkemiddel til å støtte institusjonane og det frie feltet i dei internasjonale samarbeida dei sjølv finn fagleg interessante, relevante og viktige.

Fylkeskommunen gir mange kunstnarar oppdrag, både gjennom Den kulturelle skolesekken og kunstoppdrag gjennom avsetting av midlar til (visuell) kunst i offentlege rom. Fylkeskommunen har omfattande byggeprosjekt på gang, både vidaregåande skular, nye fylkeshus og kunst til Bybanen i Bergen. Dette er viktig for å gje inntekter og oppdrag til kunstnarar.

## **5. Korleis kan dei ulike forvaltningsnivå best arbeide saman for å nå målet om fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø over heile landet?**

Vestland sine ambisjonar for kunstlivet føreset ein aktiv og offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, som støtter opp om initiativ og satsingar i kulturen. Fylkeskommunen må stille med engasjement og ressursar i ei slik målretta utvikling, og kommunane må ha ein tydeleg og sterk kulturpolitisk vilje. Samstundes må staten vere tungt inne både med driftsmidlar og tilskot til store økonomiske løft.

Det er ei utfordring for det offentlege å både ta i vare behovet for gode, føreseielege økonomiske rammer for dei etablerte institusjonane og samtidig gi rom for nye initiativ. Ein må sjå til at den enkelte kunstart har ein infrastruktur og komplett verdikjede som tek i vare kunstens levekår, utvikling og ny rekrytering på dei premissane som er best for kunsten, slik at dei kan oppfylle si samfunnsrolle. Her må alle dei tre forvaltningsnivåa supplere kvarandre. Å sjå nærmare på dei ulike kunstartane sine økosystem kan vere ei god tilnærming til dette samspelet. Ein må legge til rette både for skaping, produksjon, distribusjon og formidling i heile fylket. Fylkeskommunen med sin regionale ståstad kan vere i ein nyttig posisjon for å sjå strukturar i dette.

Planverka i dei tre forvaltningsnivåa må peike i same retning, og ha mest mogleg felles prioriteringar. Statlege og fylkeskommunale stimuleringsordningar kan hjelpe kommunane til å prioritere planarbeid for kunst og kultur.

Offentlege planar og satsingar er likevel fånyttes om dei ikkje tek vare på og er open for initiativa og satsingane som finst i kunstfeltet, og det er avgjerande at desse initiativa og satsingane er sterke. Utvikling og styrking må i stor grad skje etter initiativ frå kulturlivet sjølv. God dialog mellom det offentlege og kulturaktørane er føresetnaden for å få dette til.

Ein må sjå på grunnopplæring, høgare utdanning og det frivillige kulturlivet i samanheng med den profesjonelle kunsten, som ein del av ein større heilskap.

At KS no har tatt ei aktiv rolle også innan kulturfeltet er viktig for kompetansedeling og koordinering av dette feltet i fylka og kommunane.

Distriktsmusikarordninga er døme på eit godt samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, som ei reiskap for å støtte opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikkarar. Bruk av frilansmusikkarar og distriktsmusikkarar vil utfylle kvarandre slik at regionale produksjonsmiljø får utvida kapasitet og gjennomføringskraft.

Det kan vurderast om det skal settast krav til kommunar og fylkeskommunar om at det må settast av ein sum til kunst når det vert løyvd midlar til nye offentlege bygg.

Det må skapast ei betre koordinering av offentlege ressursar for å unngå at kulturaktørar må velje mellom kultur- eller næringsinngangen til offentlege verkemiddel og samarbeidskanalar.

### **Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse. Reglement for fylkesutvalet punkt 6. Fråsegn seier at «[d]ersom fylkesutvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkesutvalet vedta ei fråsegn om dette på vegner av Vestland fylkeskommune».

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Ikkje relevant

#### **Klima:**

Ikkje relevant

#### **Folkehelse:**

Ikkje relevant

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR og Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektør rår til at Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka, og at denne vert sendt til Kultur- og likestillingsdepartementet som svar på deira brev av 23.mai.